

Sakshandsamar:

Kristin Arnestad

E-post: kristin.arnestad@sfj.no

Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 19/1351-22

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

26180/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 13.05.2019

Notat**Frå:** Næringsseksjonen**Tildeling av midlar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019 - grunnlag og vurderingar****Innleiing**

Fylkesdirektøren for næring og kultur tildeler midlar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket etter administrativ fullmakt. Vurdering og tildeling vert drøfta med ei arbeidsgruppe med deltakarar frå opplæringsavdelinga, fylkesmannen og organisasjonane i landbruket. Fylkesdirektøren sitt vedtak er i tråd med tilrådingane arbeidsgruppa gav i møte 13. mai 2019.

Søknadsfrist for utlysinga var 15. april 2019. Vi har fått inn 16 søknader på utlysinga, i tillegg er det kome ein søknad under UTM-utlysinga til fylkesmannen som vert handsama under denne ordninga. To søknader kome inn under denne ordninga vert handsama under UTM utlysinga. Vi har då til saman 17 søknader med samla søknadssum på 2,360 mill. kr. (rekna med dei som vert ført over til UTM). Tilgjengeleg ramme for tildeling er 1,220 mill. kr.

Bakgrunn og tildelingskriterier

[Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019, samt utlysingstekst legg premissane for tildeling av midlar.](#)

Prioriterte område for støtte:

- Tiltak som bidrar til å styrkje rekruttering i landbruks- og gartnarutdanninga og til høgare utdanning i landbruksfag
- Tilskot til kompetansehevande tiltak og støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruket

Tilskot skal sjåast i samanheng med andre ordningar for rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Det er viktig å tilby regionale etter- og vidareutdanningstilbod som gjev kunnskap næringsutøvarane har særskilt behov for i den einskilde produksjonen.

Mål:

- sikre naturbrukstilbodet i fylket gjennom aktivt rekrutteringsarbeid
- gi fleksible mulegheiter for auka kompetanse hjå aktive yrkesutøvarar i næringa og vaksne som ynskjer å komme inn i næringa
- medverke til auka rekruttering innan tradisjonelt landbruk og bygdenæringar

Prioriterte tiltak:

I eit rekrutteringsperspektiv er det viktig å:

- medverke til auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå ved å gi auka kunnskap om landbruket og karrieremulegheiter innan landbruks- og matfag til rådgivarar, lærarar, foreldre og elevar i grunnskulen
- legge til rette for nettverksbyggande aktivitet
- fagkurs knytt til ulike produksjonar og produksjonsmetodar i samsvar med endringar i landbruket

- legge til rette for auka kunnskap om og synleggjering av bygdenæringar som ein mogleg måte å utvikle verksemda på
- tiltak som byggjer opp omdømet til landbruksnæringa
- kurs som næringsutøvarane har særskilt trong for

Tilgjengeleg ramme

Midlane til rekruttering og kompetanseheving skal fordelast mellom korte kurs, og meir langsiktige utviklingsprosjekt. I år har vi ikkje fordelt midlane mellom dei ulike områda i planen.

Vi fekk 1,120 mill. kr. frå Landbruks- og matdepartementet i 2019. I starten av mai 2019 har vi 100 705 kr. i restmidlar som vert lagt på ramma for fordeling. Vi har såleis tilgjengeleg 1 120 705 kr. til fordeling.

Vurdering

Søknadane er vurdert opp mot planen, og prioriterte strategiar. Vi har lagt vekt på at det skal vere ein kombinasjon av fagkurs og meir langsiktige prosjekt.

Fordelinga skjer hovudsakleg etter vurderingar av kvaliteten på prosjekta, og kor godt dei treff måla i planen. Vi legg også vekt på at fleire ulike tilbydarar skal få støtte. Vi ynskjer også ei breidde i innhaldet i kurstilboda.

Vi ser at nokre søknader har eit økonomisk omfang som gjer det vanskeleg å finne rom for dei. Vi har ikkje funne rom til å gå inn med støtte til nye store prosjekt. Det er siste året før fylkessamanslåing, og utarbeiding av ny plan. Det er ikkje naturleg å gjere store endringar med tanke på dei prosjekta som har gått. Dette er også i tråd med plandokumentet som er politisk handsama.

Vi har også lagt vekt på at prosjekt ikkje skal få finansiering både frå fylkeskommunen og fylkesmannen og har ein dialog med fylkesmannen som sit med tildeling av UTM-midlar. Vi samarbeider slik at søknadane vert vurdert opp mot den ordninga der dei passar best. Nærare vurdering av alle søknader i vedlegg 2.

Vedlegg:

1. Oversikt over tildelingar 2019
2. Vurdering av søknadane